



Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 7. desember 2015

Frå: Fylkesrådmannen

Tilleggsnotat til FU-sak 125/15 - Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar

Fylkesutvalet behandla FU-sak 125/15 den 25. november 2015. Det vart gjort følgjande vedtak:

«Saka vert utsett. Fylkesrådmannen får i oppgåve å fremje ei sak der vilkåra for ei eventuell forskottering vert klarlagde».

Fylkesrådmannen legg til grunn at dette tilleggsnotatet er oppfølging av vedtaket i fylkesutvalet og at spørsmålet om og vilkåra for ei ev. forskottering ikkje vert fremja i form av ei ny sak.

Retningslinjer for forskottering vedteke av fylkestinget i FT-sak 49/10 lyder slik:

1 Følgjande retningslinjer skal leggjast til grunn for forskottering på fylkesveg:

a) Det kan gjevast løyve til forskottering av investeringsprosjekt under føresetnader av at:

- prosjektet er prioritert i handlingsprogram for fylkesvegnettet/*
- det ligg føre godkjent reguleringsplan for prosjektet*

b) Det kan gjevast løyve til forskottering av planleggingsmidlar under føresetnad av at prosjektet er prioritert i planleggingsprogrammet.

c) Forskottet skal vere ansvarlig for å forskottere midlar utan opphald etter rekvisisjon frå fylkeskommunen slik at føresett framdrift i prosjektet kan haldast.

d) Forskottet skal omfatte heile prosjektkostnaden inkludert:

- plan og prosjekteringskostnader*
- prisstigning*
- eventuell anna kostnadsauke i byggeperioden på inntil 10 pst. av samla prosjektkostnad*

e) Forskottingssummen skal refunderast utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån

f) Refusjon av forskottet skal skje når prosjektet kjem i løyvingssposisjon i det vedteke handlingsprogrammet. Ved ein ev. større reduksjon i det samla framtidige handlingsrommet for fylkesveginvesteringar kan refusjonstidspunktet skyvast ut i tid i inntil 2 år.

g) Det skal til ein kvar tid vurderast om omfanget av forskottet er rimeleg i høve til dei samla rammene til fylkesveginvesteringar og i høve til at omfanget ikkje skal legge urimeleg press på kapasiteten til planlegging og på anleggsbransjen.



2 Det ligg til fylkestinget å inngå forskotteringsavtalar.

I FT-sak 5/11 - Forskottering av midlar til planarbeid i 45 minuttregionen vedtok fylkestinget følgjande, jf. pkt. 4:

- Saker vedkomande forskottering av planleggingsmidlar vert delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen tolkar delegeringa slik at denne berre gjeld saker som oppfyller krava i retningslinjene.

Denne saka bør såleis behandlast i fylkestinget.

Vurdering av vilkår for ev. forskottering

Som nemnt i FU-sak 125/15 er det vedteke at kommunane kan forskottere inntil 2 mill. kr til planlegging med refusjon i neste RTP-periode 2018-2021. Det er førebels ikkje underteikna forskotteringsavtale med kommunane om dette.

Dersom fylkestinget ønskjer å imøtekome søknaden frå kommunane om ytterlegare 1,5 mill. kr i forskottering, så bør forskotteringsavtalen omhandle heile beløpet. Utkast til forskotteringsavtale følgjer vedlagt.

Det er avklart med kommunane at Fjaler kommune står som ansvarleg part i forskotteringsavtalen.

Ut frå diskusjonen om saka i fylkesutvalet, oppfattar fylkesrådmannen at det var eit ønskje om at kommunane ber noko av den økonomiske risikoen knytt til å planleggje prosjekt som pr. i dag ikkje er prioritert i planleggingsprogrammet for fylkesvegnettet.

Ei mogleg tilnærming til dette kan vere at forskotteringsmidlane (1,5 mill. kr) først vert tilbakebetalt når investeringsprosjektet vert starta opp. Ei slik løysing bør av praktiske omsyn også ha eit tidspunkt for når dette er forelda og forskotteringa ikkje vert tilbakebetalt. Eit rimeleg tidspunkt kan vere innan 2025 (to RTP-periodar).

Fylkesrådmannen legg opp til at gjeldande retningslinjer for forskotteringar vert lagt til grunn for avtalen slik at beløpet vert tilbakebetalt utan kompensasjon for prisstigning og renter på ev. lån.

Dersom fylkestinget ønskjer å imøtekome søknaden så kan eit vedtak ev. utformast slik:

1. Gaular og Fjaler kommune får løyve til å forskottere ytterlegare 1,5 mill. kr til planarbeid på fv. 57.
2. Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart at første delprosjekt på strekninga med inntil 1,5 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
3. Dersom prosjekt ikkje er starta opp innan 2025, vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.
4. Kostnadane med refusjon på inntil 1,5 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.